

## **Saksprotokoll 09.09.2020 - administrasjonsutvalet**

Lin Anthun opplyste at ho ikkje hadde fått innkalling til dette møtet.

### **Vedtak**

Innkallinga og sakslista vart godkjent med merknaden ovanfor.

### **Orienteringar:**

Orientering om koronasituasjonen og resultat av undersøkelse v/HR-direktør Hilde Withamer.

Orientering om strategisk utvikling og digitalisering v/fylkesdirektør Paal Fosdal.

Presentasjon digitalisering v/sekjonssjef Tom Sølve Myklebust.

Presentasjon av tannhelse v/fylkestannlege Lathamini Murugesh.

Det vert et ekstramøte i administrasjonsutvalet den 23.09.2020.

### **Ad. Gruppearbeid: «Antirasistisk sone»:**

I møtet i administrasjonsutvalet den 9. september var det gruppearbeid frå ca kl. 10.15-11.15.

Det var innleiing frå administrasjonen med utgangspunkt i vedtak i fylkestinget den 9. juni 2020, politisk sak 82/20 «Vestland fylke – antirasistisk sone - fråsegn.»

Innleiinga vart heldt av seniorrådgjevar Asiyah Michelle Farooqui, HR-avdelinga, Vestland fylkeskommune.

Jamfør bestilling frå fylkestinget: Vedtaket av 9. juni, «Vestland fylke – antirasistisk sone» lyder slik:

«Antirasistisk sone

1. Vestland fylkesting erklærer i dag Vestland fylke som antirasistisk sone. Diskriminerings- og likestillingslova sine reglar ligg til grunn for alt arbeid mot rasisme i alle ledd i fylkeskommunen.
2. Opplevd og strukturell rasisme innan fylkeskommunen sine tenester må bli kartlagt, særleg i dei vidaregåande skulane. Det må bli utarbeidd konkrete forslag til tiltak som motverkar opplevd individuell og strukturell rasisme.
3. Vestland fylkesting vil invitere alle kommunane, organisasjons- og arbeidslivet, ungdommens fylkesting og kompetanseforum i fylket til eit samarbeid for å nå målet om å bli ein antirasistisk sone der mangfoldig representasjon etterstevas.
4. Hovudutval for opplæring og kompetanse og hovudutval for kultur, idrett og integrering får ansvaret for å følgje opp vedtaka.
5. Som ein av dei største arbeidsgjevarane i fylket er det også viktig at Vestland fylkeskommune har merksemd på likeverd i eigen organisasjon. Administrasjonsutvalet får ansvar for å følgje opp det arbeidet på dette området.»

**Natalia A. Golis, MDG**, sette fram slikt forslag:

Administrasjonsutvalget ber administrasjonen komme tilbake med et kunnskapsgrunnlag for videre diskusjon.

### **Avrøysting**

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Administrasjonsutvalget ber administrasjon komme tilbake med et kunnskapsgrunnlag for videre diskusjon.